



**Idyll:** Gerard skubbar Ebbe (3) så han får skikkeleg fart. Gabriëla og Gils (7) følger med. Ruuf (2) ligg inne i husef og søv.



**Draumen:** Sidan dei no flyttar frå Barmen, legg ekteparet det idylliske småbruket ut for sal.

Draumen dei hadde då dei kjøpte eit idyllisk småbruk på Barmen gav dei opp då dei såg kor mykje pengar den kravde. Gabriëla Lukassen og Gerard Rooker drøymde nemleg om å bu på småbruket og gjere det om til ein avslappingsstad for musikarar frå heile verda der dei kunne nyte livet, få inspirasjon og opp-

leve norsk kultur. Dei fire åra på Barmen har dei budd i eit hus dei leiger og no legg dei småbruket ut for sal.

– Det blir leit å måtte reise frå småbruket òg. Det er fantastisk flott der. Det ligg sørvendt mot Fjellvatnet, der er mykje sol og ei heilt nydelig utsikt, seier Gabriëla

## Tungt farvel

Gabriëla Lukassen og Gerard Rooker flytta til Barmen med ein son for fire år sidan.

– Vil ville vere trygge før vi flytta til eit heilt nytt land. Derfor reiste vi ein del i området for å finne ut om det var plass til oss i samfunnet før vi busette oss permanent på Barmen i Selje. Frå Leikanger til Måløy fikk vi bekrefta at det var stort behov for folk som oss, og det var ein av grunnane til at vi tok sjansen og flytta hit, fortel Gabriëla.

Men no pakkar altså familien, som har fått to ekstra medlemmer på desse åra, kofferten og reiser til Frøya.

Men å forlate Barmen og folka dei har blitt kjende med både privat og i arbeidssamanheng er ikkje lett. Dei ønskjer å seie hadet til alle dei har blitt kjende med og blitt glade i.

– Vi føler vi har budd her heile livet. Vi har trass alt fått to barn her. Vi kjem aldri til å gløyme dette kapitlet i livet vårt, understrekar Gabriëla.

Begge to har problem med å trekke fram kva dei synest har vore mest spennande eller morosamt.

– Vi har måtta utfordre oss sjølve, og dersom du gjer det med noko nytt eller annleis, utfordrar du òg andre samtidig. Å sjå unge menneske få sjølvtilitt er det mest spennande du kan vere med på. Vi har «rista og farga» folk og det er sjølve meininga med kunsten, fortset Gabriëla.

Gerard er einig:

– Det å oppleve at folk begynner å meistre noko og du ser kor kjekt dei synest det er, er spennande. Derfor har det vore like kjekt å arbeide med Stadlandet som å dirigere Kjølisdalen Musikk-lag under NM i brass.

mingslærer og har dei siste to åra søkt tre gongar på ei stilling ved Vågsøy ungdomsskule. Og eg får ikkje innkalling til intervju eingong og det synest eg er dårleg, seier han.

Han synest òg det var trist no nyleg då ein dirigent frå Oslo fikk jobben som dirigent for Nordvest Ungdomskorps som han har dirigert ei stund og fått på beina etter ei nedgangstid for korpsen.

– Det blir derfor mange småting som gjer at vi må flytte, men mest av alt er det på grunn av det økonomiske. Det er i alle fall ikkje vits i å bli frustrert av situasjonen, forklarar Gerard.

### Som konge og dronning

Men for eit par veker sidan forandra livet deira seg på nytt. Gerard fikk tilbod om jobb som di-

rigent, messingpedagog og handverkslærer på ein kulturskule og ungdomsskule på Frøya i Sør-Trøndelag.

– Det blir veldig spennande. No får eg kombinere dei to tinga eg er god på og har utdanning i, smiler Gerard.

– Vi blei tatt imot som konge og dronning på Frøya og det var spesielt godt. Og til meg oppretta faktisk kommunen ei 100 prosent stilling. Eg skal ha musikkundervisning med piano- og songelevar på alle trinn, frå barnehage til ungdomsskule, fortel Gabriëla entusiastisk.

Ekteparet er heilt klare på at dei aldri ville flytta frå Barmen dersom dei fikk trygge, faste jobbar her. Men no vil kvardagen deira bli enklare, med mykje meir regulert arbeidstid, faste lønningar og meir tid til å vere saman. Slik

livet har vore no har dei arbeidd til ulike tider på dag- og kveldstid, og av og til har dei ugunstige arbeidstidene vore vanskelege å kombinere med å vere foreldre til tre gutar.

### Siste månad

I helga hadde dei sin siste innspurt. Gerard hadde oppdrag i samband med sommarshopping på Nordfjordeid med Kjølisdalen Musikk-lag og dirigerte Måløy Musikk-lag under Måløydagane. Gabriëla var blant anna dommar i Nordfjord Talent.

– Eg har ein sommarkonsert i Sør-Vågsøy kirke den 15. juli, fortel Gabriëla og blir drøymande i blikket.

Men etter det er det slutt. I slutten av juli begynner eit nytt kapittel i livet til familien på fem.

sjøen. Men nokre gode fisketips har han ikkje.

– Nei, dei held eg for meg sjølv, smiler Stave.

For fiske kan han, og det største han har fått på kroken er ein laks på litt over seks kilo, som beit på kroken i Ervika.

Vervekonkurransen denne gong er beviset på at det nokre gongar sanneleg kjem noko godt ut av svingeforeldre. Det var nemleg svi-

gerfaren til Stave som sørga for vinnarloddet i vervekonkurransen.

– Eg visste at han var interessert, for han kikar ofte bortom og spør om vi har fått avisa, fortel Stave med eit smil. Og dermed kom det noko godt ut av situasjonen for begge partar, svigerfar fekk avis, mens Stave no kan gå på G-sport og supplere fiskeutstyret sitt.

## Opera Nordfjord i gong med ny opera workshop

Opera Nordfjord arrangerer i desse dagar den fjerde opera workshopen med sopranen Elizabeth Norberg-Schulz (bildet).

I går kveld var det konsert i operahuset med temaet «Kjærlig og lidenskap». Ni songarar og ein koreansk meisterpianist deltok saman med lærarane Elizabeth Norberg-Schulz og Sergio Oliva, sistnemnde pia-

no-coach og dirigent frå operaen i Roma.

Laurdag vert kurset avslutta med stor operagallakonsert med alle deltakarane, der ein får høyre kjende ariar og duettar frå operalitteraturen, samt utvalde scener frå operaen «Suor Angelica» av Puccini. Regissør og konferansier vert Michael Pavelich.

Opera Nordfjord lovar ein flott konsert i den nye operasalen, skapt for akustiske framføringar. Begge flygela i operahuset, eit Petrofflygel og det store konsertflygelet frå Fazioli vert tekne i bruk.



## – Mistar ressurspersonar



**Ferjeprat:** Bjørn Røyseth (t.v.) slår av med ein prat med Gerard som er på veg til kveldsarbeid som dirigent.

Bjørn Røyseth, som bur både på Barmen og i Florø, seier at han kjem til å sakne Gabriëla og Gerard. Han arbeider på ferja Barmøy og snakkar ofte med familien.

– Det er svært trist for Barmen

å miste fem personar, seier han, og legg til at han trur det er om lag 46 personar som bur der fast.

– I tillegg er dette ressurspersonar som vi treng, avsluttar han.